



Helse- og
omsorgsdepartementet

Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 16. desember 2020

Vaksinasjon mot covid-19 og driftskreditt



PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Onsdag 16. desember 2020 kl. 10.00 vart det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF. Møtet vart halde som felles føretaksmøte for dei regionale helseføretaka og vart halde på telefon.

Dagsorden

- Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Vaksinasjon mot covid-19
- Sak 4 Endring i driftskredittramma

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte

Helse- og omsorgsminister Bent Høie

Frå styret møte

Styreleiar Einar Strømsvåg
Nestleiar Olin Johanne Henden
Gunnar Berge
Bente Pilskog

Sigurd Hille
Ingeborg Morken
Pernille Lysaker

Frå administrasjonen møte

Administrerande direktør Inger Cathrine Bryne

Også til stades

Ekspedisjonssjef Målfrid Bjærum
Ekspedisjonssjef Espen Aasen
Avdelingsdirektør Astri Knapstad

Spesialrådgjevar Ragnhild Kolstad
Fagdirektør Stein Johnsen
Fung. avdelingsdirektør Mikkel Hovden Aas

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13, men møte ikkje.

Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert

Helse- og omsorgsminister Bent Høie ønskte, som øvste eigarmyndigheit og møteleiar, velkomen. Han spurde om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Styreleiar Einar Strømsvåg og helse- og omsorgsminister Bent Høie vart valde til å godkjenne protokollen.

Sak 2 Dagsorden

Helse- og omsorgsminister Bent Høie spurde om nokon hadde merknader til dagsorden. Det var ingen som hadde merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjent.

Sak 3 Vaksinasjon mot covid-19

Regjeringa har vedteke at vaksinasjon mot covid-19 skal tilbys som ein del av det nasjonale vaksinasjonsprogrammet. Dette vil innebære at kommunane får plikt til å tilby vaksinasjon til befolkninga. Vaksinasjon skal vere gratis. For å auke tilgjenge og bidra til høgare vaksinasjonsdekning skal vaksinasjon mot covid-19 også reknast som ein del av tilbodet til spesialisthelsetenesta. Den plikta spesialisthelsetenesta har til å tilby vaksinasjon går fram av forskrift om nasjonalt vaksinasjonsprogram. Det er sett av midlar på statsbudsjettet for 2021 til dekning av vaksinasjonskostnader. Folkehelseinstituttet og Helsedirektoratet vil sørge for at vaksinar og vaksinasjonsutstyr vert fordelt til kommunar og helseføretak. Vaksine mot covid-19 skal tilbys etter retningslinjer frå Folkehelseinstituttet.

Omfang og tempo i den innleiande fasen av vaksinasjonsprogrammet vil avhenge av prioriteringsrekkefølge og tidspunkt for leveransar. Gjennomført vaksinasjon skal meldast elektronisk umiddelbart etter at vaksinasjon er gjennomført. Det er etablert ei nettløysing (SYSVAK-nett) som kan nyttast av verksemder som ikkje har elektronisk pasientjournal med SYSVAK-kommunikasjon.

Føretaksmøtet viste til at dei regionale helseføretaka vil få ei rolle i mottak, lagring, pakking og distribusjon av Pfizer/BioNTech-vaksinen som krev oppbevaring i ultrafryser. Dei regionale helseføretaka og deira regionale sjukehusapotek må definere mottaksstader for vaksinar og sikre nødvendig ultrafryserkapasitet i samarbeid med Folkehelseinstituttet. Det enkelte sjukehusapoteket må ha prosedyrar for mottak, lagring, pakking og utlevering av Pfizer/BioNTech-vaksinen for vidare distribusjon til kommunane og spesialisthelsetenesta.

Føretaksmøtet vedtok:

Dei regionale helseføretaka skal:

- *planlegge for og gjennomføre vaksinasjon mot covid-19 av tilsette og pasientar etter retningsliner frå Folkehelseinstituttet.*
- *bidra i mottak, lagring og distribusjon av Pfizer/BioNTech-vaksinen som krev oppbevaring i ultrafryser.*

Sak 4 Endring i driftskredittramma

Føretaksmøtet viste til Stortingsbehandlinga av Prop. 42 S (2020–2021) *Endringer i statsbudsjettet 2020 under Helse- og omsorgsdepartementet*, jf. Innst. 165 S (2020–2021). Her er det foreslått å redusere ramma for driftskreditt til dei regionale helseføretaka med 3 900 mill. kroner frå 8 510 mill. kroner til 4 610 mill. kroner ved utgangen av 2020. Reduksjonen skuldast at samla pensjonspremie er lågare enn det som tidlegare er lagt til grunn for 2020. Den reduserte driftskredittramma som følgje av dette vert fordelt mellom regionane etter ordinær fordelingsnøkkel.

Helse Vest RHF sin del av redusert driftskredittramme utgjer 735 mill. kroner. Med atterhald om Stortinget si godkjenning vert Helse Vest RHF si ramme for driftskreditt for 2020 justert ned frå 1 758 mill. kroner til 1 023 mill. kroner.

Føretaksmøtet vedtok:

Driftskredittramma for Helse Vest RHF vert sett ned med 735 mill. kroner frå 1 758 mill. kroner til 1 023 mill. kroner.

Møtet vart heva kl. 10.15.

Oslo, 16. desember 2020

Bent Høie

Einar Strømsvåg

Protokollen er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrivne signaturar